

LØSET – EIN GRENSEGARD

Av Helge Husby



Frå v: Drengen John P. Løset/Bølset, husbonden Nils Løset, kårkallen Even Løset, budeia Maria (søster til Nils), husmora Marit f. Gjørsvik, kårkona Karen f. Skar og gjetarguten Martin Løset.

Eg tok turen til Løset for å finne ut om det finst att restar etter Stangvik prestgjeld og Brøskja tinglag. Kårkallen Torolv Løset er 83 år, og han er ein kjent skrivar av lokalhistorisk stoff for m.a. Du mitt Nordmøre og Jul på Nordmøre. Han kan stadfeste at Løseten er ein grensegard - og han legg til ordet ingenmannsland. For garden ligg geografisk mellom Meisingset og Vågbø.

RESTAR AV STANGVIK?

Eg spør Torolv kva som er det første minnet han har:

- *Det eldste eg hugsar må vere stabbdansen i bryllaupet til onkel Olai Follestad og Ingeborg på Åsprong. Det var i 1930, så da bruraparet dansa oppå ein stabbe, måtte dette ha gjort sterkt inntrykk på ein treåring!*
- *Når du spør meg om kva person eg har opplevd, som er den som er fødd lengst tilbake, må det vel vere Anders Nilsson Drøpping på Gjerda – eller kanskje det var oldemor på Åsprong?*

Torolv hentar bygdaboka – bygdabok for Stangvik – for det var til Stangvikkyrkja både Anders Nilsson og oldemor Åsprong sokna. Oldemor var nok eldst av desse to, fødd i 1851, medan Anders var fødd eitt år seinare. Uansett spanner generasjonane Torolv har opplevd nær på 160 år! Såleis tenkjer eg det er truleg at Torolv har fått med seg muntleg tradi-